

Vindafjordingar i Holmenkollstafetten 1961–1968 – og litt om idrettskarrieren til Hans Kårhus

Av Jon Grepstad

I 2021 er det seksti år sidan Bryne idrettslag overraska både seg sjølve og omverda med å vinne Holmenkollstafetten i juniorklassen. På laget var tre vatsbuar, ein skjoldabu og to frå Etne. Fleire av dei deltok i Holmenkollstafetten også dei neste åra. Det er bakgrunnen for denne artikkelen, som òg gjev eit riss av den lovande idrettskarrieren til vatsbuen Hans Kårhus i åra 1959–1964, ein karriere han var nøydd til å gje opp.

Hausten 1959 byrja Hans Kårhus og eg på realskulen på Bryne. Vi var skulekameratar frå Nedre Vats og hadde drive idrett før vi kom til Bryne, men hadde vel i liten grad drive med systematisk trening. Konkurransar hadde vore skuleidrettsdagar og skuleskirenn. Da eg budde i Gudbrandsdalen, før eg kom til Vats i 1957, trente eg ein del på sprint og høgde- og lengdehopp, og kanskje heldt eg fram med det litt også i Vats. Høgdehopp var elles ei av få idrettsgreiner der eg slo Hans. Eg var litt høggre enn han, og eg brukte dykkstil, Hans brukte den tradisjonelle saksestilen. Men etter at vi kom til Bryne, var det etter kvart mellomdistanseløp som vart det sentrale for oss.

På Bryne var det eit aktivt friidrettsmiljø da vi kom dit, særleg sprintmiljø. Seinare kom mellomdistanse til å spele ei vel så stor rolle. Nokre av sprintarane var mellom dei fremste i landet. Torbjørn Briseid og Jomar Kjos-Hanssen minnest eg som svært gode. Torbjørn Briseid fekk bronse på 400 meter i noregsmeisterskapen i 1959 og 1960, og gull i 1961. Seinare sprang han for Tjalve i Oslo. Jomar Kjos-Hanssen vart kretsmeister for juniorar i 1958 på både 100 m, 200 m og 400 m, og fekk også gode plasseringar i noregsmeisterskapen for juniorar. I 1959 vart Jomar Kjos-Hanssen, Torvald Sande, Per Odd Aarrestad og Torbjørn Briseid noregsmeistrar på 1000 m stafett for juniorar og sette norsk og nordisk rekord.ⁱ

Eg hugsar ikkje korleis vi kom inn i idrettsmiljøet, men det fall nok naturleg for oss. Vi budde på hybel og hadde behov for sosialt liv og fritidsaktivitetar. Vi hadde drive idrett før, og å springe på ein skikkeleg idrettsbane var noko nytt og attraktivt. Idrettsbanen vart brukt også i samband med gymnastikktimar på skulen. Ein tredje vatsbu, Njål Eidhammer, var òg aktiv i idrett. Han var eitt år eldre enn oss, kom til Bryne året føre oss om eg hugsar rett, og deltok i fleire konkurransar hausten 1959. Reidar B. Thu, som var oppmann for friidretten på Bryne, skriv elles i ein artikkel at gymnastikklærarane på gymnaset tipsa idrettslaget om elevar som merkte seg ut i friidrett.ⁱⁱ

Baneløp og terrengløp i 1960

Allereie neste år, i 1960, deltok Hans, Njål og eg på mellomdistanse i kretsmeisterskapen for juniorar i Haugesund. Hans vart nr. 2 på 800 m og 1500 m, eg vart nr. 5 på dei same distansane, Njål vart nr. 2 på 3000 m og nr. 3 på 1500 m. Hans var også med i kretsmeisterskapen for seniorar og vart nr. 5 på 800 m og 1500 m.

I kretsmeisterskapen for gutar i klasse 1943 vann Hans 800 m og vart nr. 3 på 400 m, Njål vann 1500 m og tok andre plass på 800 m. Sjølv vart eg nr. 3 på 1500 m i denne klassen. I 1944-klassen, der Hans og eg eigentleg hørde heime, vart eg nr. 3 på 800 m.ⁱⁱⁱ

Vi sprang også terrengløp og stafettar, i 1960 som i seinare år. Det var mange av dei, dei fleste på Jæren, nokre lenger sør.^{iv} Njål vann kretsmeisterskapen i 1960 i terrengløp for gutar i klasse 1943, Hans vart nr. 4 i 1944-klassen. I Eventyrstafetten i Kristiansand i mai deltok Bryne med lag i fleire klassar, og både Hans, Njål og eg var på vinnarlaga. Neste år vann Bryne pokalen i juniorklassen. Ein måtte vinne tre gonger i ein klasse for å få pokalen. Laget bestod av Hans, Njål, Jens Gjerde frå Etne og Leif Vassøy frå Sola.

1961– kandidat til juniorlandslaget

I 1961 deltok Hans i mange terrengløp og mange baneløp, mellom anna i kretsmeisterskapen for eldre gutar, der han vann 400 m og 1500 m i årsklassen 1944, kretsmeisterskapen for juniorar, der han vart nr. 2 på 800 m og nr. 3 på 1500 m, og også kretsmeisterskapen for seniorar, der han fekk fjerde plass i finalen med tida 2.00,4.

Han var med på tre idrettsstemne i Oslo, Tyrvingleikane i juni, der han vart nr. 4 på 800 m i klasse 1943, Tjalves idrettsstemne i juli, der han vann 800 m i klassen for juniorar med den gode tida 1.59,2, og det internasjonale Bislett-stemnet i august. Der fekk han tredje plass på 800 m junior med tida 1.59,4, etter Egon Nielsen frå Danmark med 1.57,4 og Einar Førde frå Høyang med 1.58,7.

Njål vart dette året kretsmeister på 1500 m i klassen for gutar 1943, vart nr. 3 på 1500 m hinder i kretsmeisterskapen for juniorar og nr. 6 på 1500 m i kretsmeisterskapen for seniorar. På eit mønstringsstemne i Stavanger i juni vann Hans 800 m på 2.02,4, Njål kom på andre plass med 2,03,2. På det nasjonale friidrettsstemnet i Haugesund i juli vart Njål nr. 2 på 1500 m hinder etter Svein Wollum frå Hinna, Hans vann 800 m med tida 2.00,2.

I august stilte Bryne med sju deltakarar i NM for juniorar i Tønsberg. Hans var uheldig i forsøksheata både på 800 m og 1500 m. På 800 m låg han som nr. 3 i siste svingen, men vart skubba til sides, heldt på å falle og fekk løpet øydelagt. På 1500 m fekk han trakka eine piggskoen av seg i første svingen og måtte springe med berre ein sko resten av løpet. Likevel mangla han berre to sekund på å kome til finalen. Jens Gjerde var òg uheldig. Han vart diskvalifisert for to tjuvstartar på 800 m. Arvid Skartveit frå Finnøy var den einaste som kvalifiserte seg til finaleløp. Han vann første forsøksheat på 1500 m med ei svært god tid, men hadde mindre krefter igjen til finalen, der han vart nr.7.^v

Mot slutten av året fekk Hans og Arvid Skartveit melding frå Norges Friidrettsforbund om at dei var kandidatar til juniorlandslaget neste år. Forbundet hadde følgt med i prestasjonane deira.

To gonger noregsmeister i 1962

1962 var det mest aktive og det beste året for Hans på idrettsbanen og i terrengløp. I 1963 trappa han nok litt ned på grunn av førebuing til eksamen på gymnaset, og 1964 var prega av at han fekk problem med eit kne.

I august 1962 vart han noregsmeister på 1500 m hinder for juniorar med tida 4.16,6, eitt av høgdepunkta i idrettskarrieren. Gunnar Dahle frå Sandnes kom på andre plass. Gunnar Dahle («Gunder») var ein av dei hardaste konkurrentane for mellomdistanseløparane frå Bryne. Bryne idrettslag hadde elles i april blitt noregsmeistrar på 4x1500 m stafett for juniorar. Laget bestod av Njål Eidhammer, Jens Gjerde, Arvid Skartveit og Hans.

I juni vart Hans teken ut til juniorlandslaget mot Danmark på 1500 m hinder og fekk andre plass i landskampen med tida 4.20,1. Gunnar Dahle vann med 4.18,0.

Hans sette elles i mai kretsrekord på 1000 m for seniorar i 1962 med tida 2.45,4 og vart i juli kretsmeister for seniorar på 1500 m med 4.02,3 og nr. 2 på 800 m med 2.00,8. I september vart han kretsmeister for juniorar på 1500 meter og på 3000 meter. Njål vart nr. 3 på 3000 m.

I 1963 tok vi eksamen på gymnaset. Hans sprang nokre terrengløp og stafettar om våren og elles eit par baneløp.

Konkurrentar

På Bryne var Hans, Njål, Jens Gjerde og Arvid Skartveit i ein klasse for seg på mellomdistanse. I terrengløp og stafettar var Gjesdal, Klepp, Sandnes og Hinna ofte sterke konkurrentar til Bryne. Løparar frå desse laga, og frå Stavanger, var mellom dei fremste på mellomdistanse i ulike klassar og skiftande sesongar dei tre–fire åra eg følgde med. Odd Vegard Nedrebø og Torleiv Molaug frå Gjesdal, Gunnar Dahle, Roald Bergsaker, Odd Grøtteland og Eystein Enoksen frå Sandnes, Svein Wollum og Johannes Bårdsen frå Hinna, Kåre Holm, Bjørn Bue og Jostein Soland frå Stavanger er nokre namn eg hugsar. Nokre av dei var seniorar. Roald Bergsaker var også ein framifrå konkurransesyklist, liksom Johan Magne Wiig frå Orre/Bryne.

Trening

Asbjørn Hansen var lektor på Bryne. Han kom frå Sandane i Nordfjord og underviste i mellom anna engelsk og tysk. Han var rekna som ein god lærar. I unge år var han ein av dei beste mellomdistanseløparane i landet. Han var noregsmeister på 1500 m i 1946, hadde teke bronse på 800 m i 1937 og hadde delteke i seks landskampar.^{vi} Han vart etter kvart trenar for oss, var med med av og til når vi trente og gav oss gode råd. Ein sjeldan gong deltok han sjølv i konkurransar på Jæren, i «old-boys»-klassen.

I 1960 eller 1961 reiste han til Tyskland for å lære om dei nyaste treningsmetodane der og kom tilbake med opplegg med intervalltrening, tempotrening og langløp. Saman med tre andre rogalendingar tok han i juni 1961 instruktørexamen. Sensor frå Norges Friidrettsforbund var Jan Gulbrandsen, mange gonger noregsmeister i hekkeløp og ein gong i 10-kamp. Jan Gulbrandsen hadde samtidig ei treningssamling for eit utval av dei beste løparane i fylket.^{vii}

Det var ei liknande samling i mars 1962 da trenaren Kristen Damsgård besøkte Bryne. På laurdagen var det trening av ei mindre gruppe i hinderløp: Gunnar Vagle og Roald Bergsaker frå Sandnes, Svein Wollum frå Hinna, Njål Eidhammer, Jens Gjerde og Hans frå Bryne og Solveig Olsen frå Frisinn i Stavanger. Søndag var det trening av ca. 30 løparar i mellomdistanse og langdistanse.^{viii}

I oktober 1962 vart Hans teken ut av friidrettsforbundet til treningssamling i Oslo saman med tolv av dei mest lovande løparane i landet. Det var meininga at dette skulle vere den første av fleire månadlege samlingar, fortel Jærbladet.^{ix}

I sommarferien heime i Vats trente Hans og eg saman. Vi sprang oppover mot Blikrabygda. Hans sprang som regel ifrå meg, han var betre enn meg, men vi fungerte godt som treningskameratar. I gymnasåra var han den næraste venen min.

Holmenkollstafettane 1961–1963

I dei gamle papira mine finn eg eit brev frå friidrettsgruppa adressert til «Herr Jon Grepstad, Gymnaset» datert 4.1.1961. Brevet er innkalling til ekstraordinært årsmøte i friidrettsgruppa:

«Sesongen 1961 står for døren, og det er mange og store oppgaver som står foran oss. [...] Dersom treningen blir drevet intenst og interessen er stor, er det meningen at vi skal stille med juniorlag i Holmenkollstafetten. Denne stafetten er på 15 etapper, slik at vi trenger mange med, men forutsetningen er at det blir drevet skikkelig trening.»

Og skikkeleg trening vart det. Det var første gongen Bryne idrettslag stilte i Holmenkollstafetten, og laget skaffa seg fane til defileringa på Bislett. Turen betalte vi sjølve, men vi hadde samla inn 600 kr ved loddsal for Norges Friidrettsforbund, fortel Stavanger Aftenblad. ^x

Vi var tre vatsbuar på laget, Hans, Njål Eidhammer og eg. Øystein Kringeland kom frå Skjold, og Jens Gjerde og Jostein Osnes frå Etne. Albert Moe kom frå Suldal. Heile sju av laget på femten kom såleis frå grannebygder i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

I ein førehandsomtale skreiv Stavanger Aftenblad: «Laget har gjort det godt i stafettene på våre kanter i år, men det blir nok atskillig vanskeligere å hevde seg østpå i den store konkurransen. En kan neppe regne med å ha noen mulighet til å plassere seg i toppen i år, da laget består av nesten bare unge gutter som har et og to år igjen i juniorklassen. Bare én mann 'går ut' neste år og to mann året etter. Først om to år regner de med å kunne være med å kjempe i toppen. Når de tar turen i år, er det for å bli kjent med etappene, som i denne stafetten er både harde og vanskelige.»^{xi}

Hans sprang første etappen på Bislett på 1100 m. Jens Gjerde frå Etne sprang den andre, Jostein Osnes, også frå Etne, den tredje. Sjølv hadde eg femte etappe opp mot Vinderen, ein etappe på 1406 m. Eg fekk stafettpinnen frå Arvid Skartveit og leverte han vidare til Johan Magne Wiig. Dei neste etappane hadde Lars Galdal og Magne Undheim. Njål hadde den lange niande etappen på 2925 meter. Han veksla med Harald Sel. Albert Moe, Bernt Hegrestad og Ragnar Ekholdt sprang dei neste stykka. Nest siste etappe, sjarmøretappen inn mot Bislett, hadde Øystein Kringeland frå Skjold. Leif Vassøy sprang dei siste 500 metrane i hard kniving med Kamp frå Jessheim og Elg frå Eidsvoll. Vi vann med tida 53.04, eitt sekund føre Kamp og to sekund føre Elg. På fjerde plass kom Tjalve, fem sekund etter Elg.

Da vi kom tilbake til Bryne med toget måndag morgon, tok rektor Bjarne Undheim mot oss på stasjonen med fanget fullt av raude roser, ei til kvar deltakar. Nesten alle på laget gjekk på gymnaset. Undheim var sjølv gammal idrettsmann og var oppteken av fysisk fostring. 17. mai defilerte laget på Bryne stadion med Hans som flaggberar.

Eystein Enoksen frå Sandnes, som eg hugsar frå konkurransar tidleg i 1960-åra, vart seinare professor på Noregs idrettshøgskole og gav i 1988 saman med Asbjørn Okstad ut boka *Holmenkollstafetten – forberedelser og trening*. Der skriv dei også litt om kva løpartypar som passar til dei ulike etappane. «1. etappe: Kraftig type som tåler litt skubbing og har erfaring fra feltløpning. 2. etappe: Erfaren stayertype som ikke stivner lett. Passer en løpertype med godt utviklet lår- og setemuskulatur. 3. etappe: Rask 800 m løper eller utholdende 400 m løper. [...] 5. etappe: Løper med sterk lår- og setemuskulatur. Løpes ofte godt av langrennsløpere.» Eit stykke på veg passar karakteristikkane for oss som sprang etappane i

1961. Men Hans på første etappe var ikkje ein kraftig type, han var lett og smidig. Eg hugsar framleis korleis han kunne springe berrføtt omkring i Vats og svinge seg lett over gjerda.

I 1962 sprang vi nesten eitt minutt fortare enn året før. Vi leia store delar av løpet, men Kamp vann, sju sekund føre oss i mål, med tida tida 51.58. Vestheim kom på tredje plass, tre sekund etter Bryne, Vidar på fjerde. Hans sprang også denne gongen første etappen på Bislett og leia med tretti meter da han gav stafettpinnen vidare til meg, som sprang ut frå Bislett og opp Norabakken til Wolffs gate, om lag 1130 m, der eg veksla med John Skien frå Bjoa, fem meter etter Vidar.^{xii} Hans leverte «et løp av klasse», skriv Stavanger Aftenblad. Han fekk den fjerde beste etappetida, berre to eliteløparar hadde betre tid. Prestasjonen blir ikkje mindre når vi veit at eliteløparane brukte piggsko på etappen, mens juniorlaga måtte springe med gummisko. Njål hadde den hardaste etappen, klatreetappen opp til Besserud, og sprang «helt glimrende», fortel Aftenbladet. Otto Bjelland frå Skjold på 13. etappe sprang laget opp til andre plass etter at vi i tre etappar hadde lege på tredje plass etter Kamp og Vestheim. Øystein Kringeland hadde siste etappen på Bislett, låg 40 m bak Kamp da han fekk stafettpinnen, tok innpå, men Kamp braut målsnora 20 m føre Bryne.

Bryne stilte lag også i 1963, og vann på nytt, denne gongen med klar margin. Tida var 52.02, 14 sekund føre Kamp. Idrettslaget Heming kom på tredje plass. På første etappen vart Kjell Reiestad trengd til sides og fall, men klarte likevel å veksla som nr. 8. Hans hadde fjerde etappe, den 1676 m lange berg og dalbane-etappen, og sprang laget opp på leiarplass. Njål hadde den tunge sjette etappen opp mot Besserud. John Skien sprang den trettande etappen, veksla med Øystein Kringeland, som hadde sjarmøretappen og gav stafettpinnen vidare til Otto Bjelland på siste etappe. At det var ein populær siger, kunne høyrast av applausen frå tribunane, skriv Stavanger Aftenblad.^{xiii}

Sjølv dreiv eg ikkje konkurranseidrett i 1963 og var ikkje med på laget. Eg ville konsentrere meg om eksamensførebuing. Eg var dessutan redaktør for russeavisa, eit arbeid som tok ein del tid.

Hans, Arvid Skartveit frå Finnøy, Jens Gjerde frå Etne og Njål Eidhammer frå Vats var med på Holmenkollaget alle tre åra.^{xiv} Dei utvikla seg til å bli mellom dei beste juniorane i landet på mellomdistanse, Njål sprang også langdistanse. Han har framleis klubbrekordane for seniorar på 3000 m hinder med tida 8.59,8 og på 10 000 m med 30.54,0, begge frå 1969. Jens Gjerde har klubbrekordane på 800 m med 1.54,4 frå 1968 og på 1500 m med 3.55,0 frå 1967.

Måtte gje opp idrettskarrieren

Hans måtte gje opp den lovande idrettskarrieren på grunn av vanskar med eine kneet. I 1964 deltok han ikkje i Holmenkollstafetten, men reiste saman med laget inn til Oslo for å bli undersøkt av ein spesialist.

Bryne stilte dette året i B-klassen fordi det også var seniorar på laget. Og Bryne vann, denne gongen med tida 51.14, nesten eit halvt minutt føre Ringerike Friidrettsklubb. Jens Gjerde, Arvid Skartveit, Njål Eidhammer og Øystein Kringeland var med også denne gongen.^{xv}

Sjølv om Hans måtte avstå frå Holmenkollstafetten, stilte han i noregsmeisterskapen for juniorar på 1500 m hinder og vart nr. 6.

I eit brev til meg vinteren 1964–65, da eg studerte i USA, skriv han: «[Eg har nå] måtta sjå i augo at eg ikkje kan bli den store idrettsstjerna som eg alltid har drøymt om, og som eg

verkeleg ein gong trudde eg skulle bli. Smertene i kneet vil ikkje gi seg, og spesialistane ristar på hovudet. Eit hardt slag, naturlegvis.»

Av brevet går det fram at han hadde ein tredjeplass på ein Europa-statistikk som 17-åring. Eg er usikker på kva distanse det gjeld, kanskje var det 1500 hinder, kanskje 800 m. Han prøvde å kvalifisere seg til Holmenkollstafetten i 1965 da han var i militærtjeneste på Reitan ved Bodø, men klarte det ikkje.

Holmenkollstafettane 1965–1968

Njål Eidhammer, Jens Gjerde, Arvid Skartveit og Øystein Kringeland var med også i 1965 da Bryne stilte lag i A-klassen. Første etappen var liksom i 1963 dramatisk. Bryne sin mann fall og veksla som sistemann. Njål, Jens og Arvid, som Stavanger Aftenblad omtalar som veteranar i Holmenkollstafetten,^{xvi} sprang alle svært godt. Og frå Skøyen og innover mot Bislett var Bryne fullt på høgde med konkurrentane, fortel avisa. Sprintaren Otto Heramb, som hadde siste etappen, sprang forbi tre lag. Bryne måtte likevel finne seg i å ende på ein fin femte plass med tida 51.32.

I 1966, 1967 og 1968 stilte Bryne på ny lag i juniorklassen. I 1966 vart Bryne nr. 5, i 1967 nr. 3, og i 1968 vann Bryne. Asbjørn Eidhammer frå Vats var med på laget i 1967 og 1968, Ottar Haugen i 1968.

I åra 1961–1968 var det såleis seks vindafjordingar som stilte for Bryne idrettslag i Holmenkollstafetten: Asbjørn Eidhammer, Njål Eidhammer, Jon Grepstad, Ottar Haugen, Hans Kårhus og Jon Skien. Otto Bjelland og Øystein Kringeland kom opphavleg frå Skjold, men vart tysværbuar etter kommunereforma i 1965. Eg avsluttar dette oversynet med 1968. Historia etter 1968 har eg ikkje studert.

Jens Gjerde og Njål Eidhammer heldt fram med å springe for Bryne til slutten av 1960-åra, seinare sprang dei for Gular i Bergen. I Holmenkollstafetten stilte dei for Gular allereie i 1967. Øystein Kringeland var medlem i Bryne idrettslag til og med 1968, deretter medlem i Haugesund idrettslag. Han sprang Holmenkollstafetten 25 gonger, 5 gonger for Bryne, 20 gonger for Haugesund – siste gongen i 1991. Njål Eidhammer sprang stafetten om lag 40 gonger, først for Bryne, så for Gular og seinare for bedriftsidrettslaget til bergenslærarane^{xvii}

Fleire av dei som var med på vinnarlaget i Holmenkollen 1961, er no borte. Magne Undheim døyddde i 1991, Hans døyddde i 2003, Jens Gjerde i 2005, Johan Magne Wiig i 2014, Arvid Skartveit i 2018 og Leif Vassøy i 2020.

Nokre rekordar

Eg har prøvd å finne fram til nokre av dei personlege rekordane til Hans. Rekorden på 800 m ser ut til å vere 1.59,2 frå Bislett i juni 1961. På 1500 m hadde han personleg rekord på 3.59,5, på 3000 m var rekorden 8.48,6, og på 1500 m hinder 4.15,7.

I eit oversyn i Stavanger Aftenblad i 1966 framgår det at tida på 1500 m på det tidspunktet var den 9. beste til alle tider i Rogaland. Tida på 3000 meter var den 7. beste.^{xviii}

Resultatet på 1500 m hinder er framleis klubbrekord i Bryne idrettslag. Rekorden er 58 år gammal, Hans sette rekorden i 1962.^{xix}

Frå idrettsbanen til tv-teksting

Hans tok lærarprøva i Stavanger i 1967, studerte i Trondheim og Oslo og vart cand.philol. med engelsk mellomfag og tysk hovudfag i 1975. Frå 1973 til 2003 arbeidde han som frilans tv-tekstar i NRK. Det var forfattern, gjendiktaren og universitetslektoren Åse Marie Nesse frå Jæren, ein av førelesarene hans i Oslo, som formidla den første kontakten med NRK^{xx}.

Hans teksta mest frå tysk og engelsk, og det meste på nynorsk. Han arbeidde særleg med seriar, av og til med utanriksstoff og stundom også sport. Han hadde stor arbeidskapasitet og vart særleg kjend som framifrå tekstar i samband med serien «Derrick», som gjekk på NRK i heile 22 år, med 281 episodar frå 1977 til 1998, og seinare i reprise.

Minst like populær var den amerikanske komiserien «Forviklingar» («Soap»), ein parodi på såpeoperaer, og med sine ordspel og sitt sprelske språk til tider ei utfordring for omsetjarar. Hans løyste oppgåva elegant, «slik at nokon knapt reagerte på at ein komiserie for første gong blei teksta på nynorsk», skriv Kåre Glette i ein leksikonartikkel.^{xxi}

Hans var fødd i Nedre Vats 6. oktober 1944 og døydde i Oslo 8. oktober 2003.

Ein av venene skriv i eit minneord i Haugesunds Avis: «Alltid var han midtpunktet i vennekretsen, vår humørspreder og ertekrok. Ingen hadde så snertne replikker som Hans, ingen var så boblende full av liv, glede og påfunn, men han kunne også være rasende fortørnet over urett og dumhet i samfunnet rundt seg. Han var en språkets mester, ikke bare ved at han behersket fremmede språk og gjennom arbeidet i NRK jobbet med språket, men også ved kjappe og virtuose ordspill, som stadig kalte på latteren hos tilhørerne. Hans var filolog i ordets ekte betydning.»^{xxii}

Oslo, 14. mai 2021, oppdatert 8. oktober 2021

ⁱ Reidar B. Thu: «Minneord over Jens Gjerde og Jomar Kjos-Hansen», Jærbladet 4. juli 2005. Dei viktigaste kjeldene for denne artikkelen er digitaliserte aviser hos Nasjonalbiblioteket, særleg Jærbladet, Stavanger Aftenblad, Rogalands Avis og Haugesunds Avis.

ⁱⁱ Jærbladet 4. juli 2005. Det er rett at eg ikkje hugsar korleis vi kom inn i friidrettsmiljøet, men det viser seg at dagboka mi frå hausten 1959 hugsar. Der kan eg lese at Hans og eg melde oss inn i idrettslaget allereie første dagen på Bryne, måndag 24. august. På Bryne stadion var det treningsstemne, og vi deltok. Sjølv var eg med på slengball, og vann øvinga med eit kast på 42 m, fortel dagboka. Og når eg tenkjer vidare, minnest eg at det var idrettslag også i Vats. Leiaren, eller drivkrafta idrettslaget, slik eg hugsar det, var Ingvald Natskår frå Tørresdal.

ⁱⁱⁱ Årsmelding for Bryne idrettslags friidrettsgruppe 1960

^{iv} Nokre terrengløp og stafettar frå åra 1960–62: Njåskogløpet, Vagleskogløpet, Mosvannsløpet, Eventyrstafetten (Kristiansand), Haraldsvangstafetten, Hinnastafetten, Kleppstafetten, SI-stafetten, St. Hans-stafetten på Bryne, Ålgårdstafetten.

^v Stavanger Aftenblad 7. august 1961

^{vi} Aage Møst ofl.: Raskest, høyest, lengst i 100 år : norsk friidrett 1896–1996. Oslo 1995.

«'Den største løperbegavelse på mange år' skreiv Sportsmanden om Asbjørn Hansen», Jærbladet 23. februar 1962. Sjå også Rogalands Avis 21. mars 1962.

^{vii} Stavanger Aftenblad 20. juni 1961

^{viii} Jærbladet 16. mars 1962

^{ix} Jærbladet 7. november 1962

^x Stavanger Aftenblad 13. mai 1961

^{xi} Stavanger Aftenblad 13. mai 1961

^{xii} Eg klarte altså ikkje behalde det forspranget Hans hadde gjeve oss. Difor har eg ingenting imot at Stavanger Aftenblad i reportasjen 14. mai kamuflerer meg og titulerer meg som «Skremmestad».

^{xiii} Stavanger Aftenblad 13. mai 1963

^{xiv} Laget til Holmenkollstafetten 1961 i alfabetisk rekkjefølgje:

Njål Eidhammer, Ragnar Ekholdt, Lars Galdal, Jens Gjerde. Jon Grepstad, Bernt Hegrestad, Øystein Kringeland, Hans Kårhus, Albert Moe, Jostein Osnes, Harald Sel, Arvid Skartveit, Magne Undheim, Leif Vassøy, Johan Magne Wiig. Reserve: Olav Hermansen.

Laget i 1962:

Otto Bjelland, Njål Eidhammer, Erling Fagerheim, Lars Galdal, Jens Gjerde. Jon Grepstad, Bernt Hegrestad, Odd Harald Knudsen, Øystein Kringeland, Hans Kårhus, Kjell Reiestad, Harald Sel, Arvid Skartveit, John Skien, Kjell Taksdal. Reserve: Hans Zahl.

Laget i 1963:

Otto Bjelland, Njål Eidhammer, Jens Gjerde. Johannes Hausken, Bernt Hegrestad, Rolf Jakobsen, Øystein Kringeland, Hans Kårhus, Kjartan Ladstein, Jarl Martinsen, Kjell Reiestad, Helge Rosland, Arvid Skartveit, John Skien, Trond Spanne. Reserve: Jan Risa.

^{xv} Laget i 1964, frå første til siste etappe: Jens Gjerde, Helge Rosland, Kjell Reiestad, Odd Harald Knudsen, Tor Obrestad, Njål Eidhammer, Egil Karbol, Jan Risa, Arvid Skartveit, Trond Spanne, Jarl Martinsen, Svein Hoseth, Øystein Kringeland, Kjartan Ladstein, Otto Heramb.

^{xvi} Stavanger Aftenblad 10. mai 1965

^{xvii} E-post frå Øystein Kringeland 31. mars 2021 og 7. april 2021. Telefonsamtale med Njål Eidhammer september 2021.

^{xviii} Stavanger Aftenblad 17. juni 1966 og 23. juni 1966

^{xix} <http://www.brynefriidrett.no/index.php/resultat/klubbrekorder/79-klubbrekorder-junior-og-senior/569-klubbrekorder-junior-og-senior> [lesedato 10. desember 2020]

^{xx} Telefonsamtale med John Skien 15. mars 2021

^{xxi} Kåre Glette: Hans Kårhus, Allkunne, <https://www.allkunne.no/framside/biografier/k/hans-karhus/94/1336/> [lesedato 10. april 2021]

^{xxii} Åse Lyng: «Minneord», Haugesunds Avis 11. oktober 2003